



Gol kommune

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement  
PB 8112 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
13/02761-2

Dato  
06.11.2013

## Uttale om Lovfesting av ungdomsmedvirkningsorgan

Gol Ungdomsråd meiner at det er viktig å lovfesta ungdomsmedverkingsorgan i alle kommunar.

Eldrerådet har både stemmerett og er valbare til kommunestyre og fylkesting. Når ungdom utan stemmerett ikkje har eit lovfesta medverkingsorgan blir dette heilt feil. Dei må ha same lovfesta rett til å uttala seg som eldrerådet har i dag.

I dag er det mange ungdomsråd som har fungert i mange år. Dei har etter kvart masse kompetanse. Det er viktig at desse blir spurd når det skal utarbeidas institusjonell forankring, administrativ støtte, aldersavgrensing, valordning, og mandat for eit lovfesta ungdomsmedverkingsorgan samt utvelgelseskriterier. Gol Ungdomsråd meiner at ungdomsråd bør ha medlemmer i alderen 13 til 19 år. Under 13 år bør Barnas representant ta seg av saker om angår denne gruppa.

Gol Ungdomsråd meiner at det er viktig å ha både regionale og fylkeskommunale ungdomsråd. Dette for at ungdom skal kunne påverke alle beslutningar som berører ungdommens levekår, lokalt, regionalt, og på fylkesplan.

Det er viktig at ungdomsmedverkingsorgan er upolitiske, og at ungdommane kan få meine kva dei vil i saker som gjeld dei. Det må sikrast at det ikkje blir

Postadresse: Gamlevegen 4, 3550 Gol  
E-post: [postmottak@gol.kommune.no](mailto:postmottak@gol.kommune.no)  
Internett: [www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no)

Telefon: 32 02 90 00  
Faks: 32 02 90 10

Bankgiro: 2324 05 00051  
Bankgiro skatt: 7855 05 06172  
Organisasjonsnr: 00964952612



Hallingdal

lagt opp til eit «skinndemokrati» men at ungdom har reel makt og påvirkningskraft.

Blir ikkje ungdom høyrte i ei sak, må det kunne vera eit organ som ungdomsmedverkingsorganet kan anka avgjerda til. For eksempel i tilfelle der ungdommen er halde utanfor i saker som angår dei. F.eks. nedlegging av ein ungdomsklubb, eller bygging av ny skule eller skatepark.

### **Svar på dei aktuelle spørsmåla på side 8 i høyringsdokumentet**

Aktuelle spørsmål er:

♦ Skal et medvirkningsorgan for ungdom få en sterkere posisjon og status i den kommunale saksgang og organisasjon enn det gjeldende medvirkningsorganer i dag har? **SVAR: JA**

♦ Skal lovfestingen av en medvirkningsordning for ungdom legge opp til at disse tillegges formell beslutningsmyndighet?

**SVAR: JA**

♦ Skal det legges opp til at medvirkningsorgan for ungdom får forslags- og innstillingsrett, og i tilfelle overfor hvilke organer?

**SVAR: JA. OVERFOR POLITISKE UTVAL, KOMMUNESTYRE, REGIONRÅD OG FYLKETING.**

Gol Ungdomsråd er glad for at det blir satt i gong ein prosess for lovfesting av ungdomsmedverkingsorgan i kommunane. Dette vil heve statusen for ungdomsråd, og gje dei reell makt i samfunnet vårt.

Med helsing

Gol Ungdomsråd

Gamlevegen 4

3550 Gol

v/ Leiar Tiril Nibstad Fosshagen

Mail: [tfosshagen@gmail.com](mailto:tfosshagen@gmail.com)

Med helsing sekretør for Gol Ungdomsråd

Kjetil Storebråten

Fritidsleiar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Kopi til: Hallvor Lilleslett, Hege Mørk, Ludvig Munkejord UKL